



Foto: Hans Johan Sagrusten

Minneord, Georg Hille

Georg Hille (1923-2023) var ein høgt skatta og elska sokneprest i Lom frå 1963 til 1971. Folket i Lom minnest Hille med glede for den fine tenesta han gjorde i bygdene våre. Han blir blant anna hugsa som den presten som sleppte folkemusikken inn i kyrkja i messer og gravferder. Han blir òg hugsa for si eineståande evne til å hugse menneske han hadde møtt. Han hadde eit særleg godt lag med konfirmantar og ungdom, og han fekk starta opp ungdomskveldar i både Lom, Garmo og Bøverdalen.

Hille var på fleire besøk i Lom etter tida som sokneprest, både på visitas som biskop og under private besøk seinare i livet. Sjølv etter mange tiår kunne han namnet på konfirmantane sine når han møtte dei att, kan folk i Lom fortelja. Han var heilt til det siste oppteken av Lom og hugsa åra sine her med glede. Når han opna PC-en sin, var det eit bilete av Lomskyrkja som låg fremst på skjermen, kunne han fortelja.

Då det vart kjent i Lom at Hille var død, strøymde det på med Facebook-meldingar frå lomverar som mintest han: «Eg hugsar konfirmasjonstida mi med glede», «han var eit godt medmenneske», «ein flott prest» og «han vil aldri bli gløymd» var nokre av helsingane. Vi takkar Gud for den livslange tenesta til Georg Hille og lyser fred over hans gode minne.

Hans J. Sagrusten, sokneprest i Lom